



5 tomannsbustader skal byggjast i Ospelunden

Det er store byggjeplanar i heile Kvinnherad, men Uskedalen ligg på toppen, står det å lesa i ein oppsummering i Grenda i dag. Det er mange byggjefelt både for bustader og fritidshus i emning, men innan husvære er det i Uskedalen det no skjer mest.

Det ligg an til at vår bygd tek over stafettpinnen etter Fitjaheio i Omvikdalen der det er bygd flest og størst bustader siste året.

I ein statusoversikt er våre felt for bustader omtala slik:

Ospelunden: Held på med tekniske planar. Snart klare til oppstart, men vil ikkje ta heile feltet i fyrste omgang.

Nedre Halsabrotet: Reguleringsplanen er godkjent,klare til å byggja

Øvre Halsabrotet: Reguleringsplanen er godkjent.Må utarbeide tekniske planar før oppstart.

Eikelandet: Kjem til å endra litt på dei opphavelige planane. Har bygd kai.

Ytre Eik: Reguleringsplanen er godkjent. Det har vore gjort noke mindre endringar i den og dette er enkeltvedtak som kan påklagast. Viss det ikkje kjem klager,kan dei gå i gang med å byggja.